

Svensrud (gnr. 71)

Svensrud: Namn der første leden truleg er mannsnamnet Svein.

Rydningssplassen Svensrud i Fåberg er omtala i ei sak av 1765 som etter utskrift av tingboka er referert slik:

”Svensrud i Fåberg. 12 okt. 1765. Skyldsetningsforretning på rydningspl. Svendsrud efter fogdens rekvisisjon. Rydningsmannen Christian Olsen innleverte den før passerte skyldsetningsforretning og erklærte med ca. 1 ½ mål og forøket foringen så at han kan holde 1 kreatur mer enn før. Eragtet: Skjønt plassen Svendsrud siden siste skyldsetningsforretning er en del forbedret, så kan den ikke skyldsettes for mer enn de 3 skind den før er pålagt og svare bygdetyngsel av, 1/8 eller ødegård. Således forblir det som ved skyldsetningsforretningen av 12. juni 1761.”

I mellomtida er det fortalt at Peder Christensen Langset hadde innstemt Christen Olsen Svendsrud ”fordi han voldlig hadde indhegnet til sin plads Svendsrud en del av citantens eiendom”.

Hermed kjenner vi alt litt til både jordbruket Svensrud på rydningsstadiet og til dei som da brukte plassen. Ein merker seg at Svensrud da var eit jordbruk av 3 skinn skyld.

Av Fåberg kyrkjebøker går det tydeleg fram at den Christen Olsen det her er tale om også budde i Svensrud og var gift og hadde familie. – Kona til Christen heitte Mari, og dei fekk i 1757 sonen Ole, men kona døde visstnok snart etter; for i 1775 var Christian oppattgift med Guri, og dei fekk sonen Jens. Denne Jens Christensen døde elles i barnesjukdom i 1776. Året etter var det og eit anna dødsfall i Svensrud, nemleg Johan Christensen, som var 23 år ved dødsfallet. – I tidsrommet frå 1780 til 1784 budde så Christen Christensen og Eli i Svensrud og fekk 3 born. Det var: 1. Johannes f. 1780, 2. Christen f. 1781 og Kirsti f. 1784.

I 1787 var det Christen Christensen og Christen Olsen som hadde Svensrud. Dei hadde da saman lånt 399 rd. mot 4 % rente av Tore Erichsen Smestadhaugen og Jens Hansen Scheggestad, og dei pantsatte ”med 1. prioritet deres gård Svensrud i Fåbergs prestegjeld skyldende 3 skind, samt alle deres eiende løsøreeffekter.” Ved same ting vart det og tinglese eit skjøte frå Tommes Christensen Svensrud til bror Christen Christensen og svoger Christen Olsen, så det var nok pengar til innløyning av Svensrud dei samtidig lånte. Ein merker seg at landskylda av Svensrud også da var 3 skinn, men at det i skjøtet er brukt uttrykket ”gården Svensrud”.

Seks års seinare gav elles Christen Olsen og Christen Christensen skjøte til Jens Hansen Scheggestad og Thore Smestadhaugen på grd. Svensrud, av skyld 2 skind for 390 rd. Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 2 familiar i Svensrud. Det var: 1. familie: 1. Christen Christensen, husbonden, 51 år, 2. Eli Olsdtr., kona hans, 45 år, 3. Johannes Christensen, son deres, 21 år, 4. Anne Christensdtr., dotter deres, 10 år, 5. Sigrid Christensdtr., dotter deres, 7 år, 6. Ole Christiansen, son deres, 3 år. 2. familie: 1. Christen Olsen, husbonden, 66 år, 2. Guri Christensdtr., 65 år, 3. Jens Christensen, son deres, 20 år, 4. Anne Christensdtr., 27 år.

Fire år seinare gav i 1805 Christen Olsen Svendsrud skjøte til sonen Jens Christensen på halve garden Svendsrud av skyld 1 ½ skinn for 299 rd. + føderåd til foreldra etter kontrakt. Etter atter 2 år er det i 1807 også ein handel med den andre Svensrudgarden: Johannes Christensen gav da skjøte til Jørgen Christensen Sorgendal på ”gårdsplassen Svensrud av skyld 1 ½ skind

for 760 rd. ”Frå kjøpet var da tatt unna ”englandet Svensrudenget”, som Johannes Svensrud før hadde selt til Johannes Øversveen. Det vart da pålagt Jørgen Sorgendal og Johannes Øversveen å sørge for at det vart halde skylddelingsforretning til deling av skylda mellom eigedomane.

Jørgen Sorgendal hadde sitt Svensrud til 1839, da han selde det til Nils Kristensen Sæterengen. Av matrikkelen av 1838 går det elles fram at det i den tid var 2 løpenr. Svensrud, nemleg løpenr. 210 Svensrud av ny skyld 1 skylddalar 3 ort 13 skilling, som Jens Christensen framleis hadde, og løpenr. 187b Svensrud av ny skyld 4 oer 7 skilling, som Iver Sorgendal også framleis var eigar av.

To år seinare gav i 1841 enka etter Jens Christensen, Berte Asbjørnsdtr., skjøte til sonen Jens Jensen Svensrud. Samtidig var det og skifte etter den tidlegare husbonden Jens Christenesen. Av dette skiftet går det fram at Jens Christensen og Berte Asbjørnsdtr. hadde 5 born. Det var: 1. Jens, 2. Asbjørn, 3. Christen, 4. Guri, 5. Ingeborg.

Iver Sorgendal hadde sitt Svensrud som han kjøpte i 1838, til i 1857. Da selde han det til Nils Christensen for kjøpesum 500 spd. På det andre Svensrud var i 1859 Jens Jensen død, og enka, Anne Paulsdtr., gav da skjøte på garden til Børre Asbjørnsen Holme for 700 spd. + føderåd verdsett til 300 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om Svensrud fortalt at garden da var delt i 3 bruk. Det største bruket, Svensrud, som tilhørde Børre Holme, hadde da eit jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje på ca. 109 mål, og av dette var 33 mål jord av 1. klasse. Det Svensrud som Nils Christensen hadde, var eit mindre bruk på 13 mål jord av 1. klasse, og Hans Simensens bruk var og eit bruk på ca. 13 mål. Samtidig er det opplyst at husdyrhaldet på Svensrud søre, som Børres bruk og er kalla, i den tid utgjorde 2 hestar, 3 storfe, 21 småfe, og den årlege utsæden på garden var ca. 5 tønner korn og 3 tn. settepoteter.

Tretten år seinare gav i 1878 Børre Asbjørnsen Svendsrud, som han da er kalla, skjøte til Andreas Amundsen Tamburstuen på ein parsell av Svendsrud på ca. 20 mål kjøpesum kr. 500,-.

Etter atter 5 år gav i 1881 Børre Svendsrud skjøte på garden til Andreas Larsen, ved Tollefsrud for kjøpesum kr. 3200,- + føderåd til 5-årleg verdi kr. 900,-. Same året vart og parsellen Svendsrudenga fråskilt og vart skyldlagt til 3 ort 6 skill. Andreas Larsen Svendsrud hadde elles garden berre garden ei kort tid, så selde han den vidare til sersjant Arnt Børresen Holm, som to år seinare skjøta Svendsrud til Olaus Olsen for sum kr. 1660,-.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen av 1886, og gardane fekk nye gars- og bruksnr. og ny matr.skyld rekna i mark og øre. – Svendsrud, som namnet der er skrive, fekk da gardsnr. 71 av samla skyld 5,73 mark, og det var da 5 bruksnr. under gardsnr. 71. Det var: a. Gnr. 71, brn. 1 Svendsrud av skyld 1,32 mark, som Nils Kristensen var eigar eller brukar av. b. Brn. 2 Svendsrud, skyld 0,21 mark, eigar ell. brukar Kristian Nilsen, c. Brn. 3 Svendsrud, skyld 2,74 mark, eigar ell. brukar Olaus Olsen, d. Brn. 4 Svendsrud, skyld 0,38 mark, eigar ell. brukar Andr. A. Tamburstuen, e. Brn. 5 Engen, skyld 1,03 mark, eigar ell. brukar Mathias Nyhus.

Sju års seinare gav i 1893 Nils Kristensen skjøte på Svensrud brn. 1 og grd. Seterengen til Anton Olsen for kjøpesum tilsm. kr. 3200,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 1000,-. På Svensrud brn. 5 Svensrudengen gav i 1895 Mathias Nyhus' arvingar skjøte til Even Homb på Nyhus med Svensrudengen for kjøpesum tilsm. kr. 11000,-. Tre år seinare vart grn. 71 brn. 6 Mesnamoens skog fråskilt Svensrud brn. 3 og skyldlagt til 0,04 mark. Samtidig selde Olaus Svensrud denne parsell av garden til H. Myhre, Th. Strand, Gustav Rønning og Olaf Johannessen for kr. 200,-.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at Otto Hansen Ellingsrud hadde overtatt brn. 4 Svensrud av skyld 0,38 mark. – Ved kommunevalet same året budde det da 3 veljarar med stemmerett i Svensrud. Det var: 1. Olaus Olsen Svensrud. 2. Eline Kristiansdr., husmor. 3. Johan Olsen Svensrud nordre, gardbr., 63 år.

Av handlar med Svensrud i seinare tid tek vi elles med at i 1907 gav Olaus Svensrud skjøte til O. E. Lande på grn. 71, brn. 7 Nordvang for kr. 400,-, og Aksel Avelsgaarden kjøpte i 1910 brn. 8 Engseth av skyld 0,80 mark. Brn. 9 Grøtåsteigen av skyld 0,10 mark vart i 1915 seld til gartnar Huse, og Albert Olsen kjøpte i 1922 brn. 10 Solbakken av skyld 0,03 mark. Vidare kjøpte i 1934 Kåre Kjellerød grn. 71, brn. 11 av skyld 0,02 mark, og Ruth Levang kjøpte i 1935 brn. 12 Kosebu av skyld 0,01 mark.

Som gardsbruk var det ved jordbrukstellinga i 1939 likevel berre 3 bruk som da hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 71, brn. 2 Svensrud med eit jordbruksareal på ca. 12 mål, som Mathea Svensrud da var eigar og brukar av, b. Brn. 3 Svensrud, areal ca. 90 mål, eigar og brukar Oskar Svendsud, c. Brn. 8 Engseth, areal ca. 17 mål, eigar og brukar Aksel Avelsgård.